FTU
FYLKESTRAFIKKSIKRINGSUTVALET I HORDALAND

# Tilskot til punktutbetring og trygg skuleveg

# SØKNADSSKJEMA 2016

Søknaden skal sendast til:
Elektronisk adresse: hfk@hfk.no
Søknad merkast med: "*Tilskot til punktutbetring og trygg skuleveg – søknad om tilskot (FTU) – ref. 2014/13889*"

(Alle punkta **skal** fyllast ut. Eitt skjema per tiltak)

## Vegljos Fv. 101 Sekse

### Søkjar (kommune)

Namn: Ullensvang herad
Adresse: Heradshuset
Postnr./stad: 5780 KINSARVIK
Org.nr.: 964 967 903
Kontonr.: 3450.19.70427 Prosjektnr.: Ressursnr.:

### Administrativ kontaktperson hjå søkjar

Namn: Kent G. Dagsland Håkull Telefon: 53 67 15 03
E-post: Kent.hakull@ullensvang.herad.no Mobil: 481 47 531

| Type trafikant | Totalkostnad | Søknadsbeløp | Fylkesvegnr. | Status | Type tiltak | Framdrift |
|---|---|---|---|---|---|---|
| Kven er tiltaket retta inn mot?<br>- Mjuke trafikantar<br>- Møteulukker<br>- Utforkøyringsulukker<br>- Anna (spesifiser) | Kva er tiltaket sin totale kostnad (eks mva). | Tilskotssummen vil maks kunne vere på 2 million kroner. Kva er søknadsbeløpet for tiltaket (eks. mva.) | Tiltak kan berre gjerast på fylkesveg, men kommunen er ansvarleg for gjennomføringa. Kva er vegnummeret? | Ferdig planlagde prosjekt vil verte prioritert. Kvar er tiltaket forankra?<br>- Ordførar<br>- Kommunestyre<br>- Trafikksikringsplan | Kva type tiltak er det?<br>- Langs skuleveg<br>- Punktutbetring | Tiltaket må ferdigstillast i 2016. Når kan tiltaket starta opp? (dd.mm.åååå)<br><br>Når skal tiltaket vere ferdig? (dd.mm.åååå) |

| | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|
| Mjuke trafikantar | 700.000,- | 700.000,- | Fv. 101 | Trafikksikringsplan | Langs skuleveg | Start: 01.07.2016 |
| Tiltaket er Ullensvang herad sitt øvst prioriterte TS-tiltak på ein fylkesveg som gjeld oppsetjing av vegljos og som også er skuleveg. | Justert opp frå TS-planen sitt anslag på kr. 500.000,-, då det estimatet er frå 2009. | | | | | Ferdig: 01.10.2016 |

## Omtale av tiltaket

Tiltaket gjeld oppsetjing av vegljos på Fv. 101 Seksevegen. Vegen har ikkje gang- og sykkelveg. I nord er det vegljos frå riksveg og ca. 500 meter opp fylkesvegen for det etablerte bustadfeltet. For alle som bur vidare inn fylkesvegen er det såleis heilt mørkt å ferdast, særleg vinterstid. Det er relativt mange skuleborn som nyttar vegen som skuleveg. Skuleborn går langs den om lag 2,5 km lange vegen mot nord, ned til busskuret på Riksveg 13.

I sør, ved Hovland, er det ein flaumbekk som er utsett for skred. I 2011 tok eit skred delar av vegen.

Vegen er også del av ein populer rundtur for gåande og syklande i Seksekrinsen, då det delvis er gang- og sykkelveg langs riksvegen. Såleis er nye ljos på fylkesvegen ei lenge etterlengta trafikksikring for alle som ferdast der.

Tiltaket er Ullensvang herad sitt øvst prioriterte TS-tiltak på ein fylkesveg som gjeld oppsetjing av vegljos og som også er skuleveg.

## Tidsramme og prosess for gjennomføring

Kan startast opp: 2016-07-01
Pårekna avslutta: 2016-10-01

☐ Kan gjennomførast omgåande

☒ Må lagast anbod

*Vedlegg: Skisse til framdriftsplan*

**Finansiering** (alle beløp i kr eks mva)

Totalkostnad for tiltaket: 700.000,-

Søknadsbeløp for tiltaket: 700.000,-

**Evt. eigenandel**
Dersom kommunen ønskjer å gå inn med ein eigenandel, så må dette opplysast om her. Oppgjev også prosent av totalkostanden.

Heradet har ingen eigenandel i 2016.

Det kan vere eit alternativ at tiltaket kanskje må delast opp i fleire delar over lengre tid, dersom det ikkje er midlar til heile prosjektet i denne omgangen. Såleis kan det eventuelt vere eit alternativ å byrje arbeidet med å etablere vegljos i nord, slik at ein kan kople seg til eksisterande ljos, og jobbe seg sørover så langt midlane rekk.

Det vert med dette stadfesta at søkjar har lest og godteke vilkåra for tilskotsordninga, jf. invitasjonsbrevet av 19.02.2016.

17.03.2016
Dato/stad

[signature]
Underskrift ansvarleg søkjar







FTU
FYLKESTRAFIKKSIKRINGSUTVALET I HORDALAND



# Vegljos Fv. 101 Seksevegen (2016)

